

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 03.03.2025

Vår ref.: 202503833-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av vurdering om konsesjonsplikt for opprusting av Nes kraftverk i Hallingdalselva i Ål, Gol og Nesbyen kommunar, Buskerud fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Hafslund Kraft AS om vurdering av konsesjonsplikt for auka slukeevne og installert effekt i Nes kraftverk. Førespurnaden vert no send på høyring med høyringsfrist 15.04.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentleg høyring er nødvendig. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt vert derfor berre send på høyring til Ål, Gol og Nesbyen kommunar, Buskerud fylkeskommune og Statsforvaltaren i Østfold, Buskerud, Oslo og Akershus.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein førespurnad frå Hafslund Kraft AS, datert 03.02.2025, om vurdering av konsesjonsplikt for opprustinga i Nes kraftverk.

Nes kraftverk vart satt i drift i 1967, og har no behov for rehabilitering og modernisering. Slukeevne og installert effekt vil som del av rehabiliteringa aukast frå noverande 110 m³/s og 252 MW til inntil 135 m³/s og 332 MW. Utvidinga vil betre utnyttinga av vasskraftressursane i eit allereie regulert vassdrag, auke fleksibiliteten til kraftverket og gi moglegheiter til å produsere meir i timane med høgast etterspurnad. Gjennomsnittleg årleg produksjon vil auke med om lag 30 GWh, fordelt på 18 GWh som følgje av forbetra verknadsgrad og 12 GWh som følgje av redusert flaumtap.

Førespurnaden med beskriving av tiltaket er tilgjengeleg på NVE si nettside:

www.nve.no/9589/V.

Førespurnaden skal handsamast etter vassdragsreguleringslova § 4, og vurderast etter § 3 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe for allmenne interesser av slik betydning at det oppstår konsesjonsplikt etter vassdragsreguleringslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser vert ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og



informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida til saka (www.nve.no/9589/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202503833 i emnefeltet, og oppgje namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202503833 i emnefeltet, og oppgje namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

15.04.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil vert refererte i NVE sitt vedtak. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Oscar Østvold
førstekonsulent

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner

Mottakarliste:

GOL KOMMUNE

Ål kommune

STATSFORVALTEREN I ØSTFOLD, BUSKERUD, OSLO OG AKERSHUS

NESBYEN KOMMUNE

Buskerud fylkeskommune

Kopimottakarliste:

HAFSLUND KRAFT AS